

PROTOKOLL

Utvalg: Vestlandsrådet
Møtedato: 22.10.2012 10:00 Møte hevet: 13:10
Møtested: Park Inn Oslo Airport

Innkalte:

Navn	Fylke	Forfall	Møtt for
Janne Johnsen, H	Rogaland	F	
Terje Halleland, FrP	Rogaland		
Arne Bergsvåg, SP	Rogaland		
Ellen Solheim, KrF	Rogaland	F	
Tom Tvedt, AP	Rogaland	F	
Tom-Charister Nilsen, H	Hordaland		
Mona Haugland Hellesnes, V	Hordaland		
Terje Søviknes, FrP	Hordaland	F	
Ruth Grung, AP	Hordaland		
Benthe Bondhus, SP	Hordaland	F	
Åshild Kjelsnes, AP	Sogn og Fjordane		
Jenny Følling, SP	Sogn og Fjordane		
Noralv Distad, H	Sogn og Fjordane		
Frank Willy Djuvik, FrP	Sogn og Fjordane		
Norvall Nøringset, SV	Sogn og Fjordane		
Jon Aasen, AP	Møre og Romsdal		
Gunn Berit Gjerde, V	Møre og Romsdal		
Toril Melheim Strand, AP	Møre og Romsdal		
Helge Orten, H	Møre og Romsdal		
Frank Sve, FrP	Møre og Romsdal		
Sveinung Stensland, H	Rogaland		Janne Johnsen
Olaug V. Bollestad, KrF	Rogaland		Ellen Solheim
Simon Næsse, AP	Rogaland		Tom Tvedt
Torill Selsvold Nyborg, KrF	Hordaland		Benthe Bondhus

Terje Søviknes (Hordaland) hadde ikke meldt forfall, og det møtte følgelig ingen vara for ham.

Møteledelse:

Tom-Charister Nilsen ledet møtet.

Dessuten møtte:

Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland
Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik, Møre og Romsdal
Fylkesrådmann Tore Eriksen, Sogn og Fjordane

Randi Klæbo, Rogaland
Matti Torgersen, Hordaland
Trond Ueland, Sogn og Fjordane
Robert Løvik, Møre og Romsdal
Ronny Skaar, Hordaland

Bemerkninger til innkallingen.

Flere: Det ble uttrykt ønske om at sakene skulle sendes ut elektronisk. *Det skal gjøres.*

Djupvik: Det ble bemerket at Vestlandsrådets internettside ikke er oppdatert. *Det skal rettes opp snart.*

Følling: Ønsket at flere av møtene i Vestlandsrådet burde finne sted i fylkene. *Det skal en prøve å få til.*

Saklista ble enstemmig godkjent.

Protokoll fra møtet 10.05.12 ble enstemmig godkjent.

Diverse

Professor Øystein Noreng holdt foredrag om:
"Samfunnsøkonomiske effekter av ulike investeringsnivå av utbygginger f.eks. innenfor samferdselssektoren. Hva tåler makroøkonomien av investeringer i transportsektoren?"

Åpen time

Ruth Grung: "Oppfordrer AU til å se på mulighet til å samordne de ulike fylkene sitt arbeid med å revidere de internasjonale strategiene"

Torill Selsvold Nyberg: "Gå nøye inn i Statsbudsjettet for å sjå på skeivfordeleinga mellom Vestlandet og Oslo-området. Det må dokumenterast med tal og budsjettområde. Bakgrunnen er at Vestlandet ikkje må sakka akterut i høve til eiga utvikling."

Ruth Grung: "Ber AU se nærmere på flaskehalser som vi opplever langs kyststamvegen E39 som følge av ferger som blir tatt ut av drift. Det skaper en uholdbar situasjon for innbyggerne og næringsliv. På en hovedtransportåre bør det være krav om reserveferge."

Frank Sve ønsket at vi skulle ha større fokus på etterslep i vegvedlikeholdet i forbindelse med vårt arbeid for bedre kommunikasjoner.

Alle sakene ble vedtatt oversendt AU.

SAKLISTE

Møtesaksnr.	Arkivsaksnr. Tittel	Resultat
VR-sak	16/12 MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 22. OKTOBER 2012	12/9208
VR-sak	17/12 VESTLANDSRÅDET OG EIN MULEG KINA-STRATEGI FOR VESTLANDET	12/17863
VR-sak	18/12 SAMORDNING AV VESTLANDET SI DELTAKING I NORDSJØKOMMISSJONEN	12/17866
VR-sak	19/12 POLITISK PLATTFORM FOR VESTLANDSRÅDET 2012-2015	12/17867
VR-sak	20/12 INNSPEL TIL NY STORTINGSMELDING OM SJØMAT	12/17868
VR-sak	21/12 OPPSTART AV MELDING OM VESTNORSK FILMPOLITIKK	12/17869
VR-sak	22/12 BREV FRÅ VESTLANDSRÅDET TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET OM FAGSKOLEUTDANNINGA	12/19256

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Vestlandsrådet

Sak: VR-16/12
MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 22. OKTOBER 2012

Innstilling:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Innstillingen tiltres enstemmig.

Vedtak:

Meldingene tas til orientering.

Sak: VR-17/12
VESTLANDSRÅDET OG EIN MULEG KINA-STRATEGI FOR VESTLANDET

Innstilling:

1. Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.
2. Vestlandsrådet vil støtte opp om det eksisterande "Norsk Regionalt Kina-forum" for koordinering og erfaringsutveksling mellom fylka. Ein vil også vise til arbeid drevet i regi av andre aktørar mellom anna Greater Stavanger og Business region Bergen/Bergen næringsråd.

Det ble protokollert:

Ruth Grung fremmet følgende tilleggsforslag:

"Vestlandsrådet ser det som strategisk viktig å utvikle språklig og kulturell kompetanse om Kina. Tilbudet om opplæring i kinesisk må styrkes på alle utdanningsnivå i hele regionen.

Vestlandsrådet ber om å få en sak som skisserer en strategi for å øke interessen for kinesisk og for hvordan tilbudet kan utvides."

Votering:

Innstillingen med Grungs tillegg tiltres enstemmig.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.
2. Vestlandsrådet vil støtte opp om det eksisterande "Norsk Regionalt Kina-forum" for koordinering og erfaringsutveksling mellom fylka. Ein vil også vise til arbeid drevet i regi av andre aktørar mellom anna Greater Stavanger og Business region Bergen/Bergen næringsråd.

3. Vestlandsrådet ser det som strategisk viktig å utvikle språklig og kulturell kompetanse om Kina. Tilbudet om opplæring i kinesisk må styrkes på alle utdanningsnivå i hele regionen.
Vestlandsrådet ber om å få en sak som skisserer en strategi for å øke interessen for kinesisk og for hvordan tilbudet kan utvides."

**Sak: VR-18/12
SAMORDNING AV VESTLANDET SI DELTAKING I
NORDSJØKOMMISJONEN**

Innstilling:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Innstillingen tiltres enstemmig.

Vedtak:

- Vestlandsrådet legg opp til følgende fordeling av ansvar for dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen:
-

Arbeidsgruppe	Ansvarleg fylke	Vara
Culture & Tourism	Rogaland	Hordaland
Innovation & Education	Rogaland ¹	Sogn og Fjordane
Marine Resources	Hordaland	Møre og Romsdal
Sustainable Development	Hordaland	Rogaland
Transport	Hordaland	Møre og Romsdal

- Vestlandsrådet legg til grunn prinsippa for samordning av deltaking i arbeidsgruppene, slik dei går fram av saksframlegget
- Vestlandsrådet vil søkje å samordne framtidige kandidatar til ledige verv i Nordsjøkommisjonen

¹ Ellen Solheim frå Rogaland er leiar i gruppa "Innovation and Education"

Sak: VR-19/12
POLITISK PLATTFORM FOR VESTLANDSRÅDET 2012-2015

Innstilling:

I samsvar med vedtak.

Votering:

Innstillingen tiltres enstemmig.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtar det framlagte forslag til Politisk plattform for Vestlandsrådet 2012-2015.
2. Plattformen skal være retningsgivende for politiske satsingsområder for inneværende fylkestingsperiode.
3. I gjennomføringa av plattformen må ein leggja stor vekt på å utvikla allianser og samarbeid med andre aktuelle partar.

Sak: VR-20/12
INNSPEL TIL NY STORTINGSMELDING OM SJØMAT

Innstilling:

1. Vestlandet – ein internasjonalt leiande sjømatregion

Vestlandsrådet vil bidra til at Vestlandet kan gje innhald til og realisere regjeringa si visjon: "Norge – verdens fremste sjømatnasjon". Dette skal skje ved samarbeid på Vestlandet, med andre sterke sjømatregionar og ved at det vert lagt til rette for vidareutvikling av Vestlandet sitt tyngdepunkt innan marin kunnskap, næring og forvaltning.

2. Tilgang på produksjonsareal i sjø

Vestlandsrådet viser til at det er utfordrande for akvakulturnæringa på Vestlandet å få tilgang til produksjonsareal i sjø for å kunne auke verdiskapinga og for å oppnå god fiskehelse og miljømessig berekraft.

Stortingsmeldinga bør omhandle forslag til tiltak for å stimulere kommunane til å legge til rette for havbruksverksemd og vidare oppmoda næringa og forvaltninga til samarbeid om å finne praktiske løysingar for regional tilpassa lokalitetsstruktur.

Det må vere fokus på utvikling av moderne verktøy for meir dynamisk forvaltning, overvaking og planlegging for havbruk. Vestlandsrådet viser til arbeidet med utvikling av AkvaVis og ynskjer eit større nasjonalt engasjement i dette utviklingsarbeidet.

3. **Gode økonomiske rammevilkår for innovative pilottestanlegg.**

Vestlandsrådet er opptatt av gode rammetilhøve for til dømes utvikling av ny teknologi, nye oppdrettsformar, konsept for utnytting av restråstoff, bearbeiding og vidareforedling. Det bør utviklast ei særskild finansieringsordning for pilottestanlegg for å støtte opp om framtidsetta initiativ. Det må setjast av meir midlar til forskning innanfor desse tema og det må etablerast løysingar for å styrka bedriftsforsking, spesielt til miljø med sterke næringsklynger.

Vestlandet ynskjer betre rammetilhøve for grunderverksemder særleg med omsyn til finansiering og risikoavlastning .

4. **Styrking av marine FoU-miljø på Vestlandet.**

FoU-institusjonar på Vestlandet som UiB, Havforskningsinstituttet, Iris, NOFIMA, NIFES, UiS, Møreforsking, med fleire utgjer i dag eit internasjonalt tyngdepunkt innan mellom anna fiskehelse, marin klimaforsking, kunnskap om sjømat og helse, marin biologi, økonomi og ressursforvaltning. Desse miljøa må styrkast for å nå visjonen "Norge – verdens fremste sjømatnasjon". "Marin SFI" vert foreslått som verktøy for spissing av innsatsen innan marin forskning og utvikling..

5. **Infrastruktur**

Gode vegsamband er naudsynt for å sikre konkurransekraft og verdiskaping i sjømatnæringa på Vestlandet. Det må etablerast effektive transportløysingar internt på Vestlandet og mot resten av landet og utlandet. Staten må følgje opp sitt ansvar innan samferdsel i regionen. Særleg er ferjefri E39 som transportkorridor mot kontinentet viktig for næringa på Vestlandet.

I samband med målsetjinga om å få meir gods frå "hjul til kjøll" er det viktig at det vert sett fokus på trygg sjøtransport. Stadt Skipstunell vil gje meir stabile rammer for næringslivet på Vestlandet.

6. **Fersk og kortreist sjømat**

Vestlandsrådet meiner det må leggjast til rette for betre koplingar mellom fiskeri og reiselivsnæringane. I dag er regelverk for landing og distribusjon av lokalfanga fersk fisk eit hinder for ferske og kortreiste råvarer til m.a, restaurantnæringa. Reglane må endrast slik at lokale fiskemottak som har høve til det kan sikre leveransar av fersk og kortreist sjømat.

Det ble protokollert:

Jon Aasen fremmet følgende forslag:

Til pkt. 2, 2. avsnitt, tillegg til 1. linje etter ..."forslag til tiltak", "som t.d. arealavgift til kommunene" for å stimulere..."

Det ble fremmet følgende forslag:

Til pkt. 2, 2. avsnitt, tillegg som fortsettelse på forslag fra Aasen:
"...i tråd med det som bransjene sjølv har foreslått".

Terje Halleland fremmet tilleggsforslag til pkt. 1:

"Vestlandet må ta del i veksten innen oppdrettsnæringa ved nye tildelinger av konsesjoner."

Votering:

Innstillingen med Hallelands endring tiltres enstemmig.

Aasens endring med tillegg tiltres med 18 mot 1 stemme.

Vedtak:

1. Vestlandet – ein internasjonalt leiande sjømatregion

Vestlandsrådet vil bidra til at Vestlandet kan gje innhald til og realisere regjeringa si visjon: "Norge – verdens fremste sjømatnasjon". Dette skal skje ved samarbeid på Vestlandet, med andre sterke sjømatregionar og ved at det vert lagt til rette for vidareutvikling av Vestlandet sitt tyngdepunkt innan marin kunnskap, næring og forvaltning.

Vestlandet må ta del i veksten innen oppdrettsnæringa ved nye tildelinger av konsesjoner.

2. Tilgang på produksjonsareal i sjø

Vestlandsrådet viser til at det er utfordrande for akvakulturnæringa på Vestlandet å få tilgang til produksjonsareal i sjø for å kunne auke verdiskapinga og for å oppnå god fiskehelse og miljømessig berekraft.

Stortingsmeldinga bør omhandle forslag til tiltak, som t.d. arealavgift til kommunane i tråd med det som bransjene sjølv har foreslått, for å stimulere kommunane til å legge til rette for havbruksverksemd og vidare oppmoda næringa og forvaltninga til samarbeid om å finne praktiske løysingar for regional tilpassa lokalitetsstruktur.

Det må vere fokus på utvikling av moderne verktøy for meir dynamisk forvaltning, overvaking og planlegging for havbruk. Vestlandsrådet viser til arbeidet med utvikling av AkvaVis og ynskjer eit større nasjonalt engasjement i dette utviklingsarbeidet.

3. Gode økonomiske rammevilkår for innovative pilottestanlegg.

Vestlandsrådet er opptatt av gode rammetilhøve for til dømes utvikling av ny teknologi, nye oppdrettsformar, konsept for utnytting av restråstoff, bearbeiding og vidareforedling. Det bør utviklast ei særskild finansieringsordning for pilottestanlegg for å støtte opp om framtidsetta

Vestlandsrådet

initiativ. Det må setjast av meir midlar til forskning innanfor desse tema og det må etablerast løysingar for å styrka bedriftsforsking, spesielt til miljø med sterke næringsklynger.

Vestlandet ynskjer betre rammetilhøve for grunderverksemder særleg med omsyn til finansiering og risikoavlastning .

4. Styrking av marine FoU-miljø på Vestlandet.

FoU-institusjonar på Vestlandet som UiB, Havforskningsinstituttet, Iris, NOFIMA, NIFES, UiS, Møreforsking, med fleire utgjer i dag eit internasjonalt tyngdepunkt innan mellom anna fiskehelse, marin klimaforsking, kunnskap om sjømat og helse, marin biologi, økonomi og ressursforvaltning. Desse miljøa må styrkast for å nå visjonen "Norge – verdens fremste sjømatnasjon". "Marin SFI" vert foreslått som verktøy for spissing av innsatsen innan marin forskning og utvikling..

5. Infrastruktur

Gode vegsamband er naudsynt for å sikre konkurransekraft og verdiskaping i sjømatnæringa på Vestlandet. Det må etablerast effektive transportløysingar internt på Vestlandet og mot resten av landet og utlandet. Staten må følgje opp sitt ansvar innan samferdsel i regionen. Særleg er ferjefri E39 som transportkorridor mot kontinentet viktig for næringa på Vestlandet.

I samband med målsetjinga om å få meir gods frå "hjul til kjø" er det viktig at det vert sett fokus på trygg sjøtransport. Stadt Skipstunell vil gje meir stabile rammer for næringslivet på Vestlandet.

6. Fersk og kortreist sjømat

Vestlandsrådet meiner det må leggjast til rette for betre koplingar mellom fiskeri og reiselivsnæringane. I dag er regelverk for landing og distribusjon av lokalfanga fersk fisk eit hinder for ferske og kortreiste råvarer til m.a, restaurantnæringa. Reglane må endrast slik at lokale fiskemottak som har høve til det kan sikre leveransar av fersk og kortreist sjømat.

**Sak: VR-21/12
OPPSTART AV MELDING OM VESTNORSK FILMPOLITIKK**

Innstilling:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeidet med ein vestnorsk filmmelding. I arbeidet må det vera ein representasjon som ivaretek alle fylka på Vestlandet, samt kommunar med utvikla filmpolitikk.
2. AU i Vestlandsrådet får fullmakt til å vedta endeleg mandat og organisering av arbeidet.

3. AU kan løyve inntil kr 300.000 til prosess for utarbeiding av ei melding om Vestnorsk filmpolitikk etter nærare spesifisert budsjett.

Det ble protokollert:

Toril Helheim Strand, KrF fremmet følgende endringsforslag:

Pkt. 1, set punktum etter "...Vestlandet" dvs. stryk dei siste 5 orda: *"samt kommunar med utvikla filmpolitikk."*

Votering:

Innstillingen med Strands endring tiltres enstemmig.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeidet med ein vestnorsk filmmelding. I arbeidet må det vera ein representasjon som ivaretek alle fylka på Vestlandet, samt kommunar med utvikla filmpolitikk.
2. AU i Vestlandsrådet får fullmakt til å vedta endeleg mandat og organisering av arbeidet.
3. AU kan løyve inntil kr 300.000 til prosess for utarbeiding av ei melding om Vestnorsk filmpolitikk etter nærare spesifisert budsjett.

**Sak: VR-22/12
BREV FRÅ VESTLANDSRÅDET TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
OM FAGSKOLEUTDANNINGA**

Innstilling:

Fagskoleutdanningane er svært viktig for vestlandsindustrien. Det er stor etterspurnad i næringen etter den yrkesretta kompetansen som fagskolane gjev, både innan tekniske og maritime fag. Utdanningane er også ettertrakta blant studentane både lokalt og nasjonalt.

Vestlandsrådet meiner difor at det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle fagskoletilbodet. Omfanget av fagskoletilbodet varierer sterkt mellom fylka, og det er behov for ein finansieringsordning som tar omsyn til dette. Ved ei innlemming av ordninga inn i inntektssystemet, vil fylke med eit godt fagskoletibod få store problem med å finansiere ei vidareføring av tilbodet. Vestlandsrådet vil difor be om at det fortsett blir lagt opp til ei finansieringsordning som baserer seg på faktiske studenttal hausten før eit budsjettår.

Vestlandsrådet

vestlandsrådet ønskjer vidare at tilskotet blir styrkt i statsbudsjettet for 2013. Av omsyn til næringslivet, er det viktig å vidareutvikle ordninga vidare for fylkeskommunane.

Det ble protokollert:

Toril Melheim Strand, KrF fremmet følgende tilleggsforslag:

Tillegg inn til slutt av andre avsnitt:

"Det er stor skildnad på ressursbehovet til ulike linjefag i fagskolen. Det må utviklast forutsigbare satsar pr. student for de ulike linjene"

Votering:

Innstillingen med Strands endring tiltres enstemmig.

Vedtak:

Fagskoleutdanningane er svært viktig for vestlandsindustrien. Det er stor etterspurnad i næringen etter den yrkesretta kompetansen som fagskolane gjev, både innan tekniske og maritime fag. Utdanningane er også ettertrakta blant studentane både lokalt og nasjonalt.

Vestlandsrådet meiner difor at det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle fagskoletilbodet. Omfanget av fagskoletilbodet varierer sterkt mellom fylka, og det er behov for ein finansieringsordning som tar omsyn til dette. Ved ei innlemming av ordninga inn i inntektssystemet, vil fylke med eit godt fagskoletibod få store problem med å finansiere ei vidareføring av tilbodet. Vestlandsrådet vil difor be om at det fortsett blir lagt opp til ei finansieringsordning som baserer seg på faktiske studenttal hausten før eit budsjettår. Det er stor skildnad på ressursbehovet til ulike linjefag i fagskolen. Det må utviklast forutsigbare satsar pr. student for de ulike linjene.

Vestlandsrådet ønskjer vidare at tilskotet blir styrkt i statsbudsjettet for 2013. Av omsyn til næringslivet, er det viktig å vidareutvikle ordninga vidare for fylkeskommunane.

Tom-Christer Nilsen
Leder av Vestlandsrådet

Odd Erik Hansgaard
Sekretariatsleder